



- Turngruppa arrangerte sommaroppvising på Sletta 21.mai og juleoppvisning i Radøyhallen 27.november, både med stor deltaking og mange på tribunen. Gruppa gjer ein stor innsats og har høg aktivitet.
- Grunna stor aktivitet vart planlagt basar utsett til våren
- Foreldregruppe er etablert, og det vil avlasta leiarar/trenarar
- Hovudstyret syner elles til turngruppa si årsmelding.
- **Andre aktivitetar**
  - Ei treningsgruppe trenar fotball i huset/på bana(Sletta) i vinter-/sommarhalvåret
- **Økonomi**
  - Rekneskapen syner eit underskot på kr.97.389,-. Dette skuldast store investeringar på Sletta dette året.
  - Allmenntillegte midlar frå Sparebanken Vest på kr 30.000,- til utstyr og treningssamling
  - Laget har oppretta Vipps
  - ~~Britt Straume~~ er Rekneskapsfører : *Real Økonomi*.
  - Økonomien er etter styrets vurdering tilfredsstillande.
- **75-års Jubileum 10.mars 2018.** Jubileumsnemnd: Olav Steinar Namtvedt, Heidi Marås, Jostein Borlaug og Leif Taule. Geir Olav Repål slutta seg til som konferansier.
- **Anna**
  - Heimesida, [www.radoyidrettslag.org](http://www.radoyidrettslag.org), med Jostein Borlaug som redaktør, - saknar fleire innlegg og bilete. Facebook-side for turn fungerer godt.
  - Medlemsadministrasjon med nytt system har vore eit omfattande arbeid. Stor takk til Gunnar Friis, som har gjennomført dette. Kontingentar for 2016/17 er sendt ut.. Eige system for vaksne/støttemedlemmer er i ferd med å bli oppretta.
  - Radøy kommune og Hordaland idrettskrets sender med jamne mellomrom ut informasjon med ymse aktuelt stoff. Positivt.
  - Bingo i Knarvik. RIL har signert ny avtale med Sentrum Bingo AS for 2018, og me ber interesserte om å støtta tiltaket. Bra inntening for laget.
  - **Idrettsrådet** arbeider aktivt og har god kommunikasjon med kommunen. Viktig arbeid i samband med kommunesamanslåing (Lindås, Meland og Radøy) har starta, og vil bli fylgt opp fram mot 2020. Vilkår og konsekvensar for idretten i den nye kommunen må avklarast.
  - Året vart avslutta med ei hyggeleg samling i Samfunnshuset fredag 8.desember for styret, trenarar, leiarar og banenemnd.
  - Styret etterlyser nye aktivitetar. Me er avhengig av at nokon tar leiaransvar, og vonar me kan få nye aktivitetar i gang i 2018.

Styret vil takka alle som har tatt del i idrettslaget sitt arbeid i 2017. Stor innsats frå frivillige og interesserte er avgjerande for vidare aktivitet i laget.

Sletta 12.mars 2018

  
Olav Steinar Namtvedt  
Leiar

  
Geir Olav Repål  
nestleiar/skrivar

  
Adelheid Instebo  
styremedlem